

 HØGSKULEN I VOLDA

Årsrapport 2014

Org.nr: 974 809 672

Del I: Styrets årsmelding	4
Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for 2014	4
Interne og eksterne tilhøve som har hatt innverknad på det oppnådde resultat	4
Prioriteringar for 2015	5
Overordna vurdering av høgskulen sine framtidsutsikter og utfordringar	5
Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Del III. Årets aktivitetar og resultat	9
Sektormål 1 – utdanning	9
Sektormål 2 – forskning	13
Sektormål 3 – formidling	15
Sektormål 4 – organisering	18
Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)	22
Midlar tildelt over kap. 281 - Styrking av kapasitet i UH-sektorens EVU-tilbod for lærarar	22
Del IV. Styring og kontroll i verksemda	24
Overordna vurdering	24
Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit	24
Auke tal på lærlingar i statsforvaltninga	25
Samfunnssikkerheit og beredskap	25
Fellesføring 2014: Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga	25
Del V. Vurdering av framtidsutsikter	27
Generelt	27
Utfordringar	27
Prioriterte tiltak for å støtte opp om dei strategiske satsingsområda	27
Utdanning	28
Forskings- og utviklingsarbeid	28
HVO som regional utviklingsaktør	28
Fleksible utdanningstilbod	29
Kompetanseutvikling	29
Utdanningskapasitet	29
Større investeringsprosjekt	30
Tabellar til sektormåla i 2015	31
Del VI. Årsrekneskap	34
Leiingskommentarar årsrekneskapen 2014	34
Prinsippnote virksomhetsregnskap	36
Resultatregnskap	39
Balanse	40
Kontantstrømpoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter (direkte modell)	42
Prinsippnote statsregnskapet med bevilgningsrapportering	43
Noter til virksomhetsregnskapet	44

Del I: Styrets årsmelding

Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for 2014

Styret seier seg nøgd med det samla resultatet, ressursbruken og måloppnåinga for 2014.

I 2014 fekk Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda i fellesskap godkjent følgjande Ph.d.-utdanning: "Helse- og sosialfag (fellesgrad). Profesjonsutøvelse mellom fag, bruker og forvaltning." Studiet er prega av brei fagleg orientering og tverrfagleg tenking på tvers av profesjonsgrenser og tenestenivå. Utdanninga skal delfinansierast med eksterne midlar.

Ser vi på utviklinga sidan 2007, har vi i dag om lag 30 % fleire studentar (målt i heiltidsekvivalentar). Veksten kom i åra 2008 til 2012 og deretter har vi halde dette nivået. Vi har ikkje mål om vidare auke av det totale studenttalet på campus, men det er likevel ei prioritert oppgåve å auke opptaket på grunnskulelærarutdanningane.

Auken i studentar desse åra har ført til vesentleg større undervisningsplikt for dei fagtilsette i tillegg til auka press på administrative funksjoner og areal (undervisningslokale og kontor). Vi er i ferd med å hente oss inn igjen på personalsida og har starta eit campus-prosjekt for å sjå på arealproblema.

Ser vi på studiepoengproduksjonen har total nyproduksjon også auka med om lag 30 % i denne perioden, og vi har no stabilisert oss på rundt 2.450 60-studiepoengeiningar (60 SPE) siste tre åra, der om lag 100 einingar er eksternt finansierte.

Høgskulen i Volda er blant dei beste i landet når det gjeld studentar på bachelornivå som gjennomfører på normert tid (gjennomføringsprosent) både i 2013 og 2014. På masternivå ligg vi i 2014 noko høgare enn snittet for statlege høgskular medan vi i 2013 låg svært lavt. Mange av våre masterstudentar kombinerer studie med jobb og det er derfor naturleg at gjennomføringsgrada vil svinge frå år til år.

Høgskulen i Volda er blant dei beste i landet på internasjonalisering. Vi er 9. størst i Noreg på Erasmus-studentutveksling, berre slått av UiO, UiB, NTNU, HiOA, HiB, UiA, UiT og BI. Vi er på 8. plass når det gjeld studentpraksis er og vi er heilt i tet når det gjeld tilsetteutveksling, berre slått av HIOA.

FoU-verksemnda har vore over gjennomsnittet for høgskulegruppa dei siste fem åra, og vi kan vise til ei positiv utvikling både når det gjeld samla kompetanse, FoU-produksjon og talet på disputasar.

Vi har auka ressursbruken for å styrke den interne rekrutteringa av toppkompetanse. Arbeidet med å etablere, formalisere og synleggjere forskingsgrupper er også godt i gang. Dette vil vere eit sentralt verktoy for fagutvikling, internasjonalisering, søknadsarbeid og prosjektgjennomføring.

Vi er ikkje tilfredse med resultatet vårt når det gjeld bidrags- og oppdragsaktivitet. I tillegg til arbeidet med forskingsgrupper som skal bidra til å styrke dette, har vi hatt ein gjennomgang av den interne organiseringa knytt til dette arbeidet. Vi ventar at desse tiltaka vil betre resultatet i åra framover. Resultatet her er også i sterk grad påverka av at mange av dei fagtilsette har hatt større undervisningsplikt dei siste åra som følgje av auken i talet på studentar.

Det økonomiske resultatet for året er om lag som planlagt. Vi ligg noko etter plan på tilsettingar av fagpersonale.

Interne og eksterne tilhøve som har hatt innverknad på det oppnådde resultat

Vi slit med problem både i form av manglande areal og areal som i liten grad er tilpassa dagens krav og undervisningsformer. Dette gjer det utfordrande å legge til rette for kvardagen for studentar og tilsette. Campus-prosjektet som er i gang i samarbeid med Statsbygg og regionale krefter vil kunne gi nye innspel til denne problematikken.

Dei praktiske og estetiske faga har tapt terreng i dei nye lærarutdanningane, og dette har ført til færre studentar på desse faga.

Vi er blant dei høgskulane som har lavast basisfinansiering i sektoren. Dette gjer at det strategiske spelromet vårt ikkje er særleg stort. Vi set no vår lit til at arbeidet som er i gang når det gjeld finansiering av sektoren, vil rette opp i dei største skeivskapane på dette.

Prioriteringar for 2015

Utvikling av ny femårig lærarutdanning vil vere den viktigaste prioriteringa vår i 2015.

Kompetanseutvikling er også eit område vi arbeider aktivt med for å sikre at vi ikkje får problem knytt til generasjonsskiftet vi no er inne i.

Campusutviklingsprosjektet vert og prioritert høgt. Vi vil planlegge eit nytt bygg for moderne formidling og elles gjere lokala våre meir tenlege for framtida.

Vidareutvikling av nynorsk i utdanning, forskning og formidling og fleksibel vidareutdanning er andre prioriterte område. Vi viser elles til del V når det gjeld meir detaljerte prioriteringar for 2015.

Overordna vurdering av høgskulen sine framtidsutsikter og utfordringar

Framtidsutsiktene for Høgskulen i Volda er lovande. Talet på studentar har no stabilisert seg på eit høgt nivå. FoU-verksemda har vore over gjennomsnittet for høgskulegruppa dei siste fem åra. Etter eit par år med nedgang, har produksjonen igjen auka, og vi forventar at han vil halde seg på eit relativt høgt nivå framover.

HVO har mange fleksible studietilbod med svært god søkning. Vi har stor kapasitet på fleksibel vidareutdanning og kan utvide han monaleg. Vi ser føre oss ein auke i slike tilbod framover. Vår ambisjon er å vere blant dei aller beste på fleksible nettstøtta studietilbod. Det stiller nye krav til pedagogisk kompetanse, infrastruktur og støttefunksjonar gjennom satsing på ulike former for e-læring.

Stadig fleire av dei fagtilsette har førstekompetanse. Vi har satsa mykje på kompetanseutvikling dei seinare åra, så vi meiner utsiktene er gode for framleis auke i kompetansenivået. Fagleg sett vil vi stå godt rusta til å drifte femårig lærarmaster frå 2017.

Ei av dei største utfordringane er å få fleire søkjarar per studieplass. Fagporteføljen til Høgskulen i Volda baserer seg i stor grad på profesjonsutdanningar som er sentrale i velferdsstaten. Skal vi få ein monaleg auke i søkjarar pr. studieplass til desse utdanningane, må ungdom oppleve dei aktuelle yrka som meir attraktive enn i dag. Dette er ei nasjonal oppgåve som vi berre i noko grad kan bidra til. Vi forventar at sentrale styresmakter syter for rammer som gjer at fleire unge vil velje velferdsyrka.

Ei anna utfordring er infrastrukturen. Ein god del av lokala våre er utdaterte. Vi manglar moderne rom for mykje av den samlingsbaserte vidareutdanninga og ikkje minst spesialtilpassa lokalitetar for satsingsområdet media/kultur/formidling.

Ei tredje utfordring er BOA og FoU-verksemda. Her må vi bli betre på å utnytte høvet der det finst relevante utlysingar og moglege samarbeidspartnarar. Samstundes må vi i stor grad basere oss på at FoU-aktiviteten er finansiert gjennom stillingsressursen. Difor er det ei prioritert oppgåve å sikre betre utnyttinga av han. Det er sett av midlar i budsjettet for 2015 som skal stimulere til skrivning av søknader og det er gjennomført organisatoriske endringar som skal stimulere til auka BOA-verksemde.

For dei praktiske og estetiske faga har framtida vorte mindre sikker. Faga har tapt terreng i lærarutdanningane. Reformene har ført med seg smalare lærarutdanningar med liten plass for dei mindre skulefaga.

Volda, 12.03.2015, Høgskulen i Volda ved styret



Per Halse
(rektor og styreleiar)



Marie Nedregotten Sørbø
(prorektor og nestleiar)



Pål Hamre
(tilsettere representant)




Marte Bogen Sinderud
(tilsettere representant)



Marit Vartdal Engeseth
(tilsettere representant)



Pernille Solvang
(student representant)




Tormod Daae Smedsvig
(student representant)




Arvid Blindheim
(ekstern representant)



Sølvi Lillebø Remøy
(ekstern representant)



Terje Heggem
(ekstern representant)



Ann-Marit Sæbønes
(ekstern representant)

Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gir fag- og profesjonsutdanningar på ulike nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Dei profesjonsretta grunnutdanningane er grunnstamma i studieporteføljen. I tillegg til den viktige regionale rolla, prioriterer HVO følgjande satsingsområde der vi vil oppretthalde og vidareutvikle ei nasjonal og til dels (for dei to første sitt vedkomande) internasjonal rolle:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Fleksible vidareutdanningstilbod

Høgskulen i Volda har i underkant av 4000 studentar og over 300 årsverk.

Lærerutdanninga starta i Volda med Voldens høiere Almueskole i 1861. Med nokre korte opphald undervegs har Volda utdanna lærarar i over 150 år. I dag er Høgskulen i Volda også godt kjent for medieutdanningane og det gode og aktive studentmiljøet med VEKA, Animasjonsfilmfestivalen, X2 og Den Norske Dokumentarfilmfestivalen som nokre av høgdepunkta.

Høgskulen tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærerutdanningsprogram, årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nettbasert. I tillegg har høgskulen seks mastergrader: Kulturmøte, Sosial- og helsefag; Meistring og myndiggjering, Nynorsk skriftkultur, Samfunnsplanlegging og leiing, Dokumentar og Journalistikk og Undervisning og læring.

Høgskulen i Volda samarbeider også med Høgskolen i Molde om Ph.d. innanfor helse og sosialfag.

Høgskulen i Volda har som mål å drive forskning og utviklingsarbeid med høg kvalitet og på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid grunnlag. Høgskulen har 178 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar utanom stipendiatar. Av desse er 18,5 årsverk professorar og dosentar og 82,5 årsverk har førstekompetanse (professor, førsteamanuensis, førstelektor og dosent).


Dei strategiske satsingsområda for FoU er:

- journalistikk
- kulturmøte
- profesjonsforskning
- utdanningsforskning
- velferdsforskning

Høgskulen er medeigar i Møreforskning AS, og det er inngått eigen samarbeidsavtale mellom HVO og Møreforskning AS om korleis operativt forskings- og prosjektsamarbeid skal gjennomførast.

Høgskulen i Volda ønskjer å vere ein aktiv og dialogøkjande aktør innanfor etter- og vidareutdanning. Som den største kompetanse-leverandøren i regionen tilbyr HVO fleire studietilbod som nettstudium, deltid og/eller desentralisert. Kompetanse-senteret for kulturproduksjon og kulturformidling (SEANSE) er ein viktig del av denne satsinga.

Høgskulen i Volda er også vertsinstitusjon for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og rekneskapan for senteret er inkludert i tala våre.



Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande medlemmer: rektor, prorektor, to medlemmer valde blant tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein medlem valt blant dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmer valde blant studentane og fire eksterne medlemmer. Høgskulen i Volda har vald rektor og rektor er derfor også styreleiar.

Hovudtal

	2010	2011	2012	2013	2014
Årsverk tilsette	299	298	287	298	305
Av dette UFF-årsverk	204	199	186	192	196
Registrerte studentar	3 428	3 662	3 946	3 893	3 705
Registrerte studentar per UFF-årsverk	16,8	18,4	21,2	20,3	18,9
Registrerte studentar heiltidsekvivalentar	2 655	2 855	3 014	2 987	2 950
Utvekslingsstudentar, avtalebaserte	168	179	237	208	164
Studiepoengproduksjon (ny produksjon totalt, 60 SPE)	2 079	2 342	2 451	2 440	2 474
Publiseringspoeng per UFF-årsverk	0,39	0,57	0,48	0,36	0,50
Doktorgradsdisputasar	1	1	4	7	6
Totale driftsinntekter	272 008	286 170	299 813	322 796	339 551
Av dette løyving	243 982	261 759	272 680	294 200	310 104
Driftskostnad per 60 SPE (total ny produksjon)	136	124	122	125	133

UFF – undervisning, forskning og formidling

60 SPE – ein studieplass er definert som 60 studiepoengeiningar og utgjer ein heiltidsekvivalent

Statistikk knytt til UH-sektoren og dei einskilde institusjonane finn ein samla på:

<http://dbh.nsd.uib.no/>

Del III. Årets aktiviteter og resultat

Sektormål 1 – utdanning

Høgskulane skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sine behov

Styringsparameter KD

- Gjennomføring på normert tid
- Del uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Kvalitativt styringsparameter: studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og Ph.d.-nivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Tiltak:

- Arbeide for å sikre kvaliteten på medieutdanningane (bygningar og utstyr)
- Tilby deltidsutdanning GLU 1-7
- Starte ny yrkesfagleg Praktisk Pedagogisk-utdanning hausten 2014

Kommentarar:

Ekstraustyret til medieutdanningane har gitt eit løft, men delar av bygningsmassen er dårleg. HVO har i samarbeid med Statsbygg sett i gang Campusutviklingsprosjektet hausten 2014. Begge dei to lærarutdanningane vart starta opp i haust.

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov

Styringsparametrar:

- Tal samarbeidstiltak med andre institusjonar
- Kvalitativt parameter om kva vi har fått ut av samarbeidet

Tiltak:

- Vidareutvikle grunnskulelærarutdanningane i UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD
- Samarbeide med dei andre høgskulane i UH-nett Vest om vidare utvikling av den nye Barnehagelærarutdanninga
- Delta i Prosjekt Mørealliansen med fokus på fagleg utvikling og samarbeid innafor FoU og utdanning. Prioriterte område i 2014 er ny yrkesfaglærarutdanning og erfaringsbasert master i folkehelse
- Tilby masterutdanning i helse og sosialfag i samarbeid med helse- og sosialfaga i UH-nett Vest
- Samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse
- Vere aktiv i samarbeidet i UH-nett Vest om utvikling av nye vidare- og etterutdanningstilbod for barnehage og skule
- Følgje opp inngått intensjonsavtale med NLA høgskulen i Bergen om GLU-master i RLE
- Arbeide for å sikre ekstern finansiering av Ph.d. i helse- og sosialfag

Kommentarar:

Det er godt samarbeid på dekan- og studieleiarnivå både når det gjeld GLU og BLU. Ei forskingsgruppe på BLU har fått SAK-midlar frå UH-nett Vest. Vi fekk ikkje studieplassar til ny yrkesfaglærarutdanning. Folkehelsemasteren er lagt på is fordi Molde ikkje har kapasitet. ASH samarbeider med HiSF om mastertilbod i barnevern. Master i RLE starta opp i hausten 2014, men med få studentar. Vi har enno ikkje lukkast med å sikre ekstern finansiering av Ph.d. i Helse- og sosialfag.

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar:

- Tal søkjarar per studieplass
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak
- Tal nye studentar på GLU
- Tal nye studentar på sosialfag

Tiltak:

- Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane og sosialarbeidarutdanningane
- Arbeide for betre vevsider
- Bygge omdøme
- Arbeide for auka strategisk løyving

Kommentarar:

Veven har fått nytt design og nytt og betre filbibliotek. Publiseringssløysinga frå Neted har tent høgskulen godt i mange år, men det er stor uvisse knytt til framtida til systemet. Vi vil byggje på erfaringar frå andre høgskular som har fornya sine nettsider dei siste åra, blant anna når det gjeld responsivt design. I 2014 starta vi eit forprosjekt med tanke på ny publiseringssløysing for studie- og emneplanar. Ein konkluderte med at høgskulen bør innføre EmWeb studie- og emneplanar frå NorWeb. Dette systemet skal vere i produksjon ved årsskiftet 2015/2016. Når det gjeld rekruttering er det laga eigne kampanjar for GLU, BLU, barnevern, sosionom og faglærarutdanning. Det er sett ned ei gruppe til å evaluere rekrutteringstiltaka.

Kontoret for samfunnskontakt sitt viktigaste bidrag til å bygge eit positivt omdøme for HVO er å sikre god kvalitet i kommunikasjonen med potensielle søkjarar og nye HVO-studentar. Sentrale virkemiddel er messer, skulebesøk, katalogar, filmar, annonsar, HVO-veven og ei god førstelinjje. Kontoret måler og overvakar opplevd kvalitet i form av årlege brukarundersøkingar (studiestarundersøkinga). I tillegg er kontoret svært involvert i å kommunisere sentrale og strategisk viktige kvalitetar ved høgskulen og studiebygda Volda til sentrale interessentar lokalt, regionalt og nasjonalt. Sentrale tiltak her er HVO-veven, sosiale medium, nyheiter på heimesida, pressemeldingar, magasinet MEIR osv.

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparametrar:

- Gjennomføring på normert tid
- Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Tiltak:

- Vidareutvikle kontakta med samfunn/profesjon/arbeidsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving
- Arrangere seminar saman med Studenttinget om studieteknikk, akademisk skriving og bruk av dataprogram i oppgåveskrivinga
- Vidareutvikle tilbodet i høgskulepedagogikk
- Gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, programevalueringar og fråfalls- og kandidatundersøkingar
- Samarbeide med eigarane av bygga våre om universell utforming og tilby studentane arbeidsplassar tilpassa ulike behov
- Vidareføre pilotprosjekt med eksamen på PC
- Gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- Evaluere revisjonen av kvalitetssystemet
- Innføre kollegarettleing i undervisninga
- Sikre innhald og kvalitet i studietilboda

Kommentarar:

HVO er framleis blant dei aller beste på gjennomføring på bachelorutdanningane og grunnskulelærerutdanninga. I 2014 ligg vi også over gjennomsnittet for høgskulane når det gjeld gjennomføring på masterutdanningane. Kontakta med praksisfelte er styrka. M.a. har HVO godt samarbeid med Fylkesmannsembetet og regionkontaktar for skule og barnehage. Kurs i studieteknikk er arrangert V-14. og vi har no tre kurs i høgskulepedagogikk saman med HiSF. 5% av skriftlege eksamenar er no på PC, og det er laga ein eigen innleveringsportal. Kontinuerleg kvalitetsarbeid og evalueringar skal sikre at studentane oppnår læringsutbytte i studieprogramma. I revisjonen av kvalitetssystemet vart det innført fagutval på studieprogram for å få fokus på dette nivået, ikkje berre på emnenivå. Revisjonen av kvalitetssystemet er enno ikkje kome i gang og ein ventar no på føringane knytte til internkontrollsystemet og kva dei vil ha å seie for vårt kvalitetssystem. Statsbygg har laga langtidsplan for universell utforming. Studentane får innsikt i FoU-arbeid i samband med metodeundervisning på BA-nivå og konkrete prosjekt på masternivå.

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane

Styringsparametrar:

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på engelskspråklege studietilbod

Tiltak:

- Arbeide for å auke talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar og auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet
- Utvikle fleire engelskspråklege emne
- Vise til internasjonal forskning og litteratur og gjere studentane medvitne om at dei etter studiet skal arbeide i eit fleirkulturelt samfunn
- Leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå
- Auka informasjon på engelsk, både av studietilbod, FoU og annan aktivitet
- Vidareutvikle dei engelske nettsidene og få på plass ein god presentasjon av partner-institusjonane våre

- Halde fram med det internasjonale samarbeidet om Teaching Artists
- Utvikle ein nordisk fellesmaster med Åbo Akademi og Teologiska Högskolan Stockholm
- Samarbeide med Cardiff University om Ph.d.
- Sikre kvaliteten for utanlandske studentar på HVO

Kommentarar:

Det er gjennomført ein revisjon av avtaleporteføljen, og gitt midlar til å utvikle nye engelskspråklege emne. For å auke talet på utreisande har ein hatt møte med alle årskull som kan reise på utveksling. Ny handlingsplan for internasjonalisering er vedteke i styret. Som ledd i kvalitetssikringa er det innhenta rapportar frå alle studentar og tilsette som har vore på utveksling. Det er laga ny nettside om HVO sitt internasjonale arbeid og gjennomført prosjekt for betring av struktur på nettsidene. HVO har deltatt på 3. internasjonale Teaching Artist konferanse og er med i planlegginga av den neste. Utviklingsarbeidet med Nordisk fellesmaster er i gang, planen er å søkje NOKUT om godkjenning V-16. Avtale med *University of Cardiff* er på plass.

Kommentar tabell: Vi nådde ikkje ambisjonsnivået når det gjeld søkjarar i SO – talet i år var 1247. Tal primærsøkjarar per studieplass gjekk ned frå 1,4 til 1,3. Opptaket på GLU var 90 og på sosialfag 125. Vi nådde målet for PPU-kandidatar, mens talet på masterkandidatar ligg noko under ambisjonane. Talet på utvekslingsstudentar gjekk ned og ligg godt under ambisjonsnivået. Vi hadde ein god auke i talet på engelskspråklege studietilbod og kom ut godt over ambisjonsnivået. Studiepoeng per heiltidsstudent og gjennomføring i høve avtalt studieplan auka, men ligg framleis litt under ambisjonsnivået. Presset på faglærarane var stort også i 2014, men tal studentar per undervisningsstilling gjekk noko ned.

Tabell til sektormål 1	Resultat				Resultat	Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2014
Talet på primærsøkjarar i samordna opptak	1187	1349	1496	1196	1247	1300
Talet på primærsøkjarar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,4	1,3	1,5
Opptak til GLU	80	84	84	84	90	100
Opptak til Sosialfag	124	151	121	127	125	120
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)	0	2	2	2	3	6
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	5	3		5	4	8
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	168	182	244	216	161	220
Talet på engelskspråklege studietilbod (15 stp)	7	7	21	20	31	24
Uteksaminerte masterkandidatar	30	53	55	74	60	70
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	47,0	48,8	52,4	51,1	52,1	53,0
Studentar per undervisnings- forskings- og formidlingsstilling	16,8	18,2	21,2	20,3	18,9	16,0
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	86,2	83,0	86,4	85,7	86,4	87,0

Kandidatmåltal	Resultat 2013	Resultat 2014	Måltal
Barnehagelærerutdanning	73	37	59
GLU 1-7	2	20	43
GLU 5-10	2	33	29
PPU og PPU-Y	84	81	60
Allmennlærer	41	10	-

Sektormål 2 – forskning

Høgskulane skal i tråd med sin eigenart utføre forskning, kunstnarisk og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Styringsparameter KD (kvalitative)

- Resultatoppnåing på forskning i forhold til eigenarten
- Samspel mellom forskning og utdanning
- Forskingsinnsats i profesjonsfaga

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging

Styringsparametrar:

- Tal nasjonale publiseringspoeng
- Tal nasjonale publiseringspoeng per fagtilsett
- Tal fagtilsette som publiserer

Tiltak:

- Leggje til rette for bolkelegging av FoU-ressursar
- Gi tilbod om professorstipend
- Gi tilbod om at tilsette i fagstilling får kople seg til forskargrupper
- Kollegarettleiing skal nyttast for å hjelpe nyttilsette med å kome i gang
- Evaluere løyvinga til dei interne forskingsprosjekta med tanke på mogeleg forlenging
- Stimulere tilsette til å ta del i nasjonale og internasjonale forskarnettverk gjennom til dømes NFR- og EU-programma
- Styrke kompetansen/ressursane i søknadsskriving gjennom kurs i skriving av forskingsprosjekt

Kommentarar:

Bolkelegging er krevjande, men blir gjennomført der det er praktisk mogeleg. Interessa for professorstipend har vore stor, og det er no tildelt fem stipend. Kollegarettleiing blir gjennomført til ein viss grad, men ikkje systematisk. Evalueringa av forskingsprogramma har vore drøfta i FU fleire gonger, men er ikkje avslutta. Fagtilsette blir stimulerte til internasjonale kontaktar gjennom økonomiske tilskot. HVO sendte inn fleire SHP-søknader, men fekk ikkje tilslag. Det ser ut til at humaniora og samfunnsfag får lite utteljing i desse programma.

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular

Styringsparametrar:

- Tal fellestiltak som HVO deltek i

Tiltak:

- Samarbeide aktivt med andre institusjonar i inn- og utland om forskarutdanning
- Utvikle Forskingsforum Møre som arena og nettverk for auka samarbeid mellom FOU-miljøa i Møre og Romsdal
- Samarbeide om søknad og gjennomføring av VRI Møre og Romsdal 2014-2016. Arbeide for å auke ramma for VRI offentleg sektor
- Stimulere til rekruttering av professor II-stillingar
- Vurdere utnyttinga av forskarskulane

Kommentarar:

Ph.d. i helse- og sosialfag med Molde er godkjent og vil starte opp i 2015. Dette vil auke kompetansen på andre fagområde på HVO. Det er laga samarbeidsavtale om forskning og forskarutdanning med eit utanlandsk universitet (Cardiff). HVO deltek i Forskingsforum Møre, men det er krevjande å finne fellesprosjekt. Ramma for VRI har vorte lågare dei siste åra. Utnyttinga av forskarskulane blir teke opp som sak i FU om kort tid. Avdelingane er aktive med å sikre seg toppkompetanse gjennom professor II.

Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Styringsparametrar:

- Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Tal doktorgradsdisputasar

Tiltak:

- Evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program
- Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatane
- Følgje opp eige reglement for stipendiatar
- Syte for at alle stipendiatar vert følgde opp med medarbeidersamtale minst ein gong i året
- Sikre kvaliteten på kandidaten gjennom intervju ved tilsetting, der vi formidlar krav og forventningar, og sjekkar motivasjon og drivkraft
- Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald

Kommentarar:

Programsatsinga har vore tema på fleire møte i FU, og evalueringa vil bli slutført når stipendiatane har disputert. Avhandlingsforum held fram. Det blir gitt støtte til utanlandsopphald for stipendiatar.

Verksemdmål 2.4: Høgskulen i Volda skal vere internasjonalt orientert i forskinga

Styringsparameter:

- Omfang av internasjonal publisering og forskarutveksling

Tiltak:

- Engelskkurs, språkvask, støtte til utanlandsopphald for stipendiatar og støtte til deltaking på internasjonale konferansar
- Deltaking som partner i internasjonale prosjekt
- Utvikle forpliktande institusjonelle samarbeid om forskning

Kommentarar:

Gjennom HERA-prosjektet har Høgskulen i Volda internasjonalt prosjektsamarbeid og inntekter, som ein av få norske statlege høgskular. Det er arbeidskrevjande og risikabelt å arbeide med internasjonale prosjekt, men samtidig er det sterke politiske forventningar til at høgskulen skal vere søknadsaktiv. Erfaringa er at fagmiljøa har for lite kunnskap om mogelege program og korleis ein skal få internasjonale partnarar til prosjektsøknader. Dei fleste forskingsmiljøa har internasjonale samarbeidspartar og driv sampublisering med utanlandske forskarar utan at det nødvendigvis er prosjektsamarbeid.

Merknad tabell: Stadfesta tal publikasjonspoeng ligg ikkje føre enno. Men førebels tal tyder på ein monaleg auke frå 2013 til 2014. Vi når truleg ambisjonsnivået for publiseringspoeng per fagstilling. Det vart 6 disputasar i 2014, ein færre enn året før. NFR-tildeling per fagstilling er gått ned og ligg godt under ambisjonsnivået. Dei andre tala i tabellen ligg ikkje føre enno.

Tabell til sektormål 2	Resultat				Resultat	Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2014
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,39	0,57	0,48	0,36	0,50	0,50
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	33	19	19	20	17	35
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	0	0	0	5	5	6
Talet på fagtilsette som publiserer på nivå 1 og 2	49	50	64	49	*	65
Tal på fagtilsette som bidrar med interne FoU-poeng			130	128	*	135
Talet på fellesiltak som HVO deltek i				10	*	10
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar teke opp seks år tidlegare					45%	75%
Tal doktorgradsdisputasar		1	4	7	6	8

*) Tal for 2014 ligg ikkje føre enno

Sektormål 3 – formidling

Høgskulane skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar KD

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv
- Fleksibel utdanning

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeidspartnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar:

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Korleis vi samarbeider med samfunns- og arbeidslivet

Tiltak:

- Samarbeide tett med regionale og nasjonale aktørar om kompetanseheving og utviklingsarbeid
- Vidareutvikle Seanse – senter for kunstproduksjon i samarbeid med KD, KUD og Møre og Romsdal fylke
- Arrangere nyskappingsseminar saman med Sunnmøre Kulturnæringshage og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid
- Arbeide for etablering av kunnskapspark i Volda
- Arbeide for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og opplevingssenteret for animasjon i samarbeid med lokalt næringsliv og Sunnmøre Kulturnæringshage
- Vidareutvikle tilbodet i industrianimasjon i samarbeid med industrien og helseføretak i regionen
- Vidareutvikle Ut i jobb-dag i samarbeid med kommunane i regionen
- Tilby kurs i prosjektstyring for fagleg tilsette

Kommentarar:

Det største prosjektet er den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling». Det er utvikla godt samarbeid med aktørar i mange sektorar – særleg i det offentlege. Vi har vore aktiv medspelar i etablering av sommarstudentbedrifter. Tre nye prosjekt i industrianimasjon er utvikla. Kurs i prosjektstyring er ikkje halde på grunn av liten prosjekttilgang. Arbeidet med etablering av kunnskapspark er ein del av campusutviklingsprosjektet.

Verksemdmål 3.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Styringsparametrar:

- Tal konferansar/seminar
- Tal interne FoU-poeng

Tiltak:

- Halde fram med Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda
- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt om aktuelle samfunnsspørsmål
- Vidareutvikle nettsidene til formidling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar
- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar
- Stimulere til publisering i opne kanalar

Kommentarar:

Fondet for publisering i Fri tilgang har ikkje fått søknader i 2014. Her må vi setje i verk betre informasjonstiltak. Forskingsdagane er avvikla med 22 arrangement og over 1200 deltakarar.

Verksømdmål 3.3: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Styringsparametrar:

- Eksternt finansierte studiepoeng
- Tal fleksible etter- og vidareutdanningstilbod

Tiltak:

- Arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar i samband med det nye lærarløftet
- Samarbeide med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) om å arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leing, omsorg, utdanning
- Tilby intern skulering i søknadsskriving
- Gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette
- Styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning
- Tilby desentralisert eksamen for fjernstudentar
- Arbeide mot meir langsiktige avtalar om eksterne oppdrag
- Oppmode avdelingane til å setje av ressurs til eksternt arbeid som ein naturleg del av HVO sine oppgåver på line med forskning og formidling
- Inngå avtalar om risikodeling mellom fellesnivået og avdelingane for å stimulere til meir eksternt verksemd

Kommentarar:

Vi har fått to tilbod i «Kompetanse for kvalitet og fekk ekstra tildeling på 2 mill. kroner for å styrke EVU-tilbodet. HVO tilbyr desentralisert eksamen til alle studentar som bur meir enn tre timars reiseavstand frå Volda. «Ungdomstrinn i utvikling» er eit godt døme på eit stort langsiktig oppdrag. I tillegg fekk HVO tildelt seks nye vidareutdanningsstudium for lærarar. Planlegginga av desse er starta.

Merknad tabell: Ambisjonen for BOA-inntektene vart nådd med god margin og ligg 3 mill kroner over 2013. Men vi nådde ikkje målet for eksternt finansierte studentar. Talet på fjernstudentar gjekk også noko ned i 2014. Tal konferansar er i samsvar med ambisjonsnivået.

Tabell til sektormål 3	Resultat				Resultat	Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2014
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	11 072	9 210	7 231	9 464	12 413	10 000
Mottekne forretningsidear	12	1	2	3	0	4
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap	5	1	3	3	0	2
Tal interne FoU-poeng	6 284	4 989	6 821	6 939	*	6 500
Tal konferansar/seminar				19	20	20

Tal eksternt finansierte studentar	250	184	262	245	188	280
Tal studentar fjernundervisning				1082	1016	1250

*) Tal for 2014 ligg ikkje føre enno

Sektormål 4 – organisering

Høgskulane skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Styringsparameter KD

- Del kvinner i dosent og professorstillingar
- Del mellombels tilsette
- Kvalitativt styringsparameter:
- Langsiktig økonomisk planlegging
- Robuste fagmiljø

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar for å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparametrar:

- Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining
- Driftskostnader per publikasjonspoeng
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar
- Nye rammeavtalar inngått

Tiltak:

- Arbeide kontinuerleg for å sikre god planlegging og oppfølging gjennom tenlege budsjetteringsverktøy
- Samarbeide med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om studieadministrative tenester, IKT og innkjøp
- Revidere innkjøpsstrategi og prosess
- Lage oversikt over særskilt sårbare arbeidsområde og rutineomtalar for å sikre overlapping
- Samarbeide med biblioteka i UH-nett Vest om kompetansehevingstiltak og effektiv ressursutnytting gjennom felles løysingar
- Starte opp Prosjekt Campusutvikling i samarbeid med Statsbygg
- Arbeide for å få auka strategisk løyving

Kommentarar:

Vi brukar Agresso for budsjettering og oppfølging gjennom året og etter kvart som vi tek fleire funksjonar i bruk i Agresso Planner ser vi at dette gir god støtte i budsjetteringsarbeidet. Vi har no gjennom Uninett fått tilgang til Agresso WEB-løysing for rapportering og når vi får tatt denne modulen i bruk vil det gjere rapportane meir tilgjengeleg for dei budsjettansvarlege. Det er også utarbeidd ein modell for langtidsbudsjettering som skal innførast som del av planarbeidet vårt.

Det er jamlege møte med dei andre høgskulane på Nordvestlandet. SAK-innkjøp prosjektet under leiing av NTNU vart avslutta hausten 2014 og det skal vere gjennomgang med alle prosjektdeltakarane og KD i mars 2015. Vi har arbeidd med revisjon av innkjøpsstrategien og avklaring

roller/ansvar i innkjøpsprosessane; både internt hos oss og saman med dei andre høgskulane gjennom SAK Innkjøpsprosjektet. I og med at strukturen i sektoren framover fortsatt er uavklart, har vi valt å legge dette revisjonsarbeidet på vent og heller auke fokus på avtaler. Det er inngått fire nye avtalar i 2014. Det blir arbeidd kontinuerleg for at kritiske funksjonar skal kunne gjennomførast sjølv om det oppstår tekniske vanskar, tilsette sluttar eller blir sjuke. Vi er ikkje gode nok når det gjeld å arbeide systematisk med risikoanalyser og dokumentere alt som vert gjort i organisasjonen. Vi må bygge opp eit tenleg, gjennomgåande system for styring og kontroll som skal dekke den totale verksemda ved HVO. I samband med dette arbeidet har vi meldt oss på eit samarbeidsforum for internkontroll i regi av DFØ i 2015.

Biblioteksamarbeidet i UH-nett Vest held fram med fellesabonnement. Prosjektet «På tvers» har som mål å identifisere alternative modellar for lisensavtalar med utgjevarar. Kompetanseheving gjennomført. Campusutviklingsprosjekt starta opp hausten 2014.

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom personalpolitikken medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Styringsparameter:

- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Tal kvinner i faglege toppstillingar
- Del mellombels tilsette
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

Tiltak:

- Styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg og administrativt tilsette
- Lage rekrutterings- og kompetanseutviklingsplan
- Vidareføre incentivordning for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Tilby professorstipend
- Legge til rette for å rekruttere og halde på tilsette med førstekompetanse
- Sikre leiarutvikling med fokus på handtering av personaloppgåver gjennom modulbasert leiaropplæring
- Bevisstgjerjing i tilsetjingsutval og leiarfora kring tilhøve som bidreg til færre mellombelse tilsetjingar
- Arbeide systematisk med opplæring innan prioriterte HMS- område
- Vurdere kartleggingsverktøy for psykososialt arbeidsmiljø

Kommentarar:

For tida er det 9 tilsette som nyttar seg av ordninga med intern 5-årig Ph.d. Det er relativt høg del tid til FOU for fagtilsette, noko som verkar positivt både i rekrutteringssamanheng og for å auke kompetansen. Mulegheitene for å få ekstra midlar og ressursar til kompetanseheving er auka med innføringa av professorstipend. Tre kvinner har fått professorstipend og ei er i postdokstilling. Ei arbeidsgruppe vart sett ned for å starte arbeidet med planverket til ein rekrutterings- og kompetanseplan. Rapporten frå gruppa vart lagt fram som orienteringssak for styret i juni. Seinare er det vedteke ein tiltaksplan for rekruttering og kompetanseutvikling av toppkompetanse. Arbeidet med ein heilskapleg rekrutterings- og kompetansehevingsplan held fram, og vert sett i samanheng med anna planverk på personalområdet. Administrativt tilsette har fått tilbod om kurs i prosjektfagleg kompetanse. Modulbasert leiaropplæring er i gang. Det er laga ein handlingsplan for å redusere talet

mellombels tilsette på avdelingsnivå. HMS-opplæringa har vore prioritert i 2014. Kartleggingsverktøy for psykososialt arbeidsmiljø er under vurdering. I alt har 13 fagtilsette fått opprykk i 2014.

Verksemdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal ha ein beredskapsplan som stettar sentrale krav og føringar
Tiltak:

- Ferdigstille tiltaksplanar for usannsynlege hendingar
- Utvide og tilpasse bruken av verktøy til risiko- og sårbarheitsanalysar
- Gjennomføre varslingsøving og kriseøving
- Etablere gode arenaer for læring og meistring knytt til krise og beredskap i organisasjonen
- Kontinuerleg evaluering av beredskapen for studentar i utlandet
- Halde fram med kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen
- Leggje til rette for bruk av interne system til varsling i samband med kriser
- Halde fram arbeidet med fornying av infrastruktur for nettverk og oppfølging av ROS-analyse

Kommentarar:

Krise- og beredskapsplanen var ferdig revidert i september. Varslingsøving vart gjennomført V-14. Kriseøving for leiinga i samarbeid med naudetatane vart gjennomført i november. Det vart innført nytt styringssystem for informasjonsikkerheit i løpet av hausten. IT-sikkerheitsgruppa held jamlege møte der ein har dette som tema. Det har vore arbeidd systematisk med revidering av sikkerheitspolicy og rutinar for informasjonssikkerheit.

Merknad tabell: Sjølv om vi hadde mange opprykk og 6 disputasar i 2014, nådde vi ikkje heilt målet om tal førstekompetente av totale fagstillingar og for del kvinner med førstekompetanse. BOA-inntekter inkl. NFR-midlar og studieavgifter ligg om lag på same nivå som i 2013. Det er litt under ambisjonsnivået. Driftskostnader per avlagde studiepoeng ligg på ambisjonsnivået og viser at vi driv kostnadseffektivt. Sjukefråværet vart rekordlågt i 2014 – 3,5% som er godt under ambisjonsnivået. Del mellombels tilsette er redusert, men vi nådde ikkje målet.

Tabell til sektormål 4	Resultat				Resultat	Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2014
Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	136	124	122	125	133	134
Driftskostnader per publikasjonspoeng (1 000 kr) *	3 583	2 573	3 317	4 458	3 351	3 200
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar	2,6	2,5	2,3	2,4	2,2	2,3
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	37 %	42,3 %	45,3 %	46 %	47%	50%
Del kvinner med førstekompetanse	27,6 %	31,3 %	32,4%	36,0 %	36,6%	40,0%
Del mellombels tilsette	26,8 %	24,3 %	19,8 %	21,6 %	19,2%	18,8%
Tal kvinner i toppstillingar			2,0	1,7	1,5	3,0
Gjennomsnittleg sjukefråvær	5,2 %	5,1 %	4,3 %	5,3 %	3,5%	4,5%
Avrekningar i året	-10 680	-4 594	537	17 605	11 216	8 650
Likviditetsgrad (omløpsmidlar i høve til kortsiktig gjeld)	1,5	1,4	1,5	1,7	2,0	1,5
Opptente inntekter BOA inkludert NFR- midlar og studieavgifter, ekskl Erasmus	25 919	24 262	20 912	23 505	23 800	24 500

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Gjennom 2014 har Høgskulen i Volda halde fram og vidareutvikla samarbeid og arbeidsdeling særleg innafor UH-nett-vest og Mørealliansen, men også med andre forskings- og utdanningsinstitusjonar i inn- og utland. Av vesentlege tiltak kan nemnast:

- Godkjent felles Ph.d.-grad i helse og sosial med Høgskolen i Molde
- Signert samarbeidsavtale med University of Cardiff om Ph.d. i helse og sosial
- Grieg Research School – framhald av forskarskulen i musikk
- Fellesgrad GLU 1-7 på Sandane saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Masterutdanning i RLE for GLU i samarbeid med Norsk Lærarakademi
- Masterutdanning i helse- og sosial i samarbeid med Høgskolen Stord Haugesund
- Leiing i helse- og sosialsektoren (LIHS) innafor Mørealliansen
- I samband med prosjektet Travelling Texts 1790-1914 (2013-16) har vi avtalar med University of Glasgow, Turku University, University of Nova Gorica (Slovenia) og Huygens Institute for The History of the Netherlands.
- Mykje lærarutdanningssamarbeid i UH-nett Vest; m.a. distanseovergripande undervisning i GLU-valfag som norsk-II og RLE
- Fleire aktive forskingsgrupper i UH-nett Vest
- Fleire prosjekt gjennom VRI Møre og Romsdal
- Førebuing av designutdanning i samarbeid med designmiljøet i Stryn

Som dei andre høgskulane har vi vorte utfordra til å tenkje vidare frå SAK til SAKS (jf. oppdragsbrevet frå Kunnskapsministeren av 26.5.2014). Strukturdebattane har vore høgt på agendaen gjennom det meste av året. HVO har sett eit potensial for arbeidsdeling og konsentrasjon mellom høgskulane i Volda og Sogn og Fjordane på fleire av dei basale profesjonsutdanningane for velferdsyrka. På høgare nivå (master og Ph.d.) ligg det til rette for meir slik samordning både på Møre og i UH-nett-vest.

Midlar tildelt over kap. 281 - Styrking av kapasitet i UH-sektorens EVU-tilbod for lærarar

Bruk av midlane er styrt av dekan ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL). Tildelinga vart kunngjort for alle lærarutdanningsmiljøa ved HVO, og det blei bedt om innspel på gode prosjekt som kunne styrke etter – og vidareutdanninga for lærarar. Dekan ved AHL fordelte midlane etter vurdering av dei innkomne søknadane.

Ekstramidlane er nytta slik:

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning: Styrking av administrasjon av etter- og vidareutdanning for lærarar på avdelingsnivå kr.100 000,-

Institutt for pedagogikk: *Ungdomstrinn i utvikling*. Dette prosjektet har blitt prioritert i tråd med føringar i tildelingsbrevet. Programmet vårt for *Ungdomstrinn i utvikling* er utvikla med fagleg grunngjeving og i eit omfang som går ut over tildelinga som høgskulen får frå direktoratet for dette oppdraget. Dette forutset ei viss intern dekning av reelle kostnader med prosjektet. Dei tildelte midlane har redusert dette underskotet og styrka kvaliteten på den støtta vi kan gje dei aktuelle skulane. *Ungdomstrinn i utvikling* fekk tildelt kr.900 000,- av ekstramidlane.

Avdeling for kulturfag (MKT seksjonen): Dagsseminar om digital kompetanse og korleis skulen utøver sitt samfunnsoppdrag i møtet med den teknologiske utviklinga. Seminaret blei streama på <http://live.hivolda.no> og ligg søkbart for alle på nettet. Seksjonen planlegg eit større seminar hausten 2015 om Digitale verktoy og læringsdesign. Samtidig arbeider dei med å endre ein emneplan i Digital kompetanse i Læring for 15 stp. ned til 5 stp. knytt opp mot dette seminaret. Desse tiltaka fekk tildelt kr.150 000,-

Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag: Utvikling av nettstudium og digital læringsressurs. Arbeid med nettstudia er godt i gang. Det inneber m.a. utprøving av digitale verktøy med endring av planar og eksamensformer. Det blir vidare arbeidd med ein digital læringsressurs for lærarar i grunn- og vidaregåande skule med tittelen *Livssynsåpenhet i klasserommet*. I dette siste arbeidet har ein invitert til samarbeid i UH nett Vest. Tiltaka fekk tildelt kr. 150 000,- av ekstramidlane.

Institutt for pedagogikk: skreddarsydde studieopplegg i veiledning. Høgskulen i Volda har over fleire år samarbeidd med kommunar i nærområde om å gje tilbod om 15 stp. veiledning. Dette har m.a. vore eit tiltak for å kvalifisere praksisveileidarane våre. Tilbodet har vore utvikla og planlagt saman med skulefagleg ansvarleg i dei aktuelle kommunane ved m.a. bruk av planleggingsdagar. Dette har gjort at mange lærarar har kunne delteke, og vi har fått langt fleire kvalifiserte praksislærarar. Inneverande studieår samarbeider vi med Haram kommune der 60 lærarar deltek. Tilbodet har kome i tillegg til det ordinære mentorstudiet vårt. Tiltaket fekk tildelt kr. 150 000,-

Ivar Aasen instituttet for språk og litteratur: Fornying av det nettbaserte årsstudiet i norsk. Dette studiet blir i stor grad teke av lærarar som vidareutdanning. Det har m.a. vore arbeidd med videoopptak av førelesingar og utvikling av fleirvalstestar. Dette tiltaket har fått tildelt kr. 150 000,-.

Til dekning av indirekte kostnader er det sett av 20% av dei tildelte midlane(kr.400 000,-)

Del IV. Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering

Styret er saman med leiinga ved Høgskulen i Volda ansvarleg for at drifta ved høgskulen er i samsvar med gjeldande reglar og rammeverk. Vi stadfester at vi har ansvar for å fastsette interne rutinar innan alle system som vert nytta i økonomiforvaltninga vår. Vi stadfester og at vi har ansvar for å sikre at høgskulens interne kontroll hindrar styringssvikt, feil og manglar og at kontrollen vert dokumentert og tilpassa risiko og omfang.

Basert på den kunnskapen vi har, stadfestar vi at vi har system og rutinar som skal sikre at vi oppfyller krava i Statens Økonomireglement §4 og §14 om styring og kontroll. Det vert arbeidd kontinuerleg for å tilpasse og forbetre prosessane knytt til dette.

HVO nyttar mål- og resultatstyring som vårt grunnleggjande styringsprinsipp og vi viser til at samla måloppnåing er god, jf. del III.

Vi har internkontrollsystem innan dei ulike forvaltningsområda med kontroll- og rapporteringsrutinar tilpassa risikovurderingar og erfaringar innan det einskilde området. Desse er enno ikkje integrerte i eit felles system. Framover må vi arbeide med å bygge opp eit tenleg, gjennomgåande system for styring og kontroll som skal dekke den totale verksemda ved HVO. Vi må også auke merksemda når det gjeld systematiske risikovurderingar og sikre at vi dokumenterer det som vert gjort på dette området.

Når det gjeld etterleving av lover og reglar fekk vi i 2011 vesentleg merknad frå Riksrevisjonen knytt til manglande etterleving av regelverk og retningslinjer for oppdragsfinansiert aktivitet. I 2012 fekk vi også tilbakemeldingar frå revisor på manglande dokumentasjon når det gjeld innkjøp og offentlege innkjøpsreglar, men dette var ikkje i form av vesentleg merknad.

Etter desse tilbakemeldingane har vi hatt full gjennomgang av rutinar og vårt interne regelverk på desse områda. Nye rutinar er etablerte, og det har vore stor merksemd på opplæring av nøkkelpersonell på begge områda. Det har og kome ny klassifiseringsretteleiar for bidrags- og oppdragsprosjekt som er til hjelp i dette arbeidet. Vi har i tillegg auka ressursane til desse arbeidsområda for å sikre kvaliteten i arbeidet.

Der er ikkje merkadar knytt til revisjonsrapporten for 2013.

Pålegg frå Arbeidstilsynet og rapport frå KD sitt beredskapstilsyn sette i 2012 søkelys på nokre svakheiter i Høgskulen i Volda sitt systematiske HMS- og beredskapsarbeid. Dette er også følgt tett opp i etterkant, jf. omtale i eige punkt.

Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit

Høgskulen i Volda har som mål å arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling og mangfald og unngå diskriminering. Det er utarbeida ein handlingsplan for tidsromet 2009 – 2013 som er vidareført i 2014 i påvente av revidering. Behovet for revidering er særleg knytt til nye lover og føringar som gjeld mangfald og diskriminering.

Det er ønskeleg med brei forankring i revideringsarbeidet for å sikre kultur og haldningar i det daglege virket i organisasjonen. For å sikre samanheng i planverk og godt eigarskap skal handlingsplanar vere vedlegg til ein overordna personalpolitisk plan. Det er godt samarbeid med arbeidstakar-organisasjonane om planarbeid.

Innhaldet i handlingsplanen som skal sikre like vilkår for begge kjønn er godt innarbeidd i rutinar knytt til utlysing og tilsetjingar. Høgskulen praktiserer moderat kjønnskvotering, noko det er bevisstheit om hjå leiarane og i aktuelle vedtaksorgan.

Høgskulen har eit utval for likestilling og mangfald som har i oppgåve å følge opp, overvake og vere pådrivar for arbeidet med likestilling og mangfald. Utvalet har hatt to møte i løpet av 2014. Leiar og sekretær i utvalet deltok på opplæring i regi av Likestilling og diskrimineringsombodet i april 2014.

Arbeid med rapportering er krevjande for UH-sektoren og det er behov for utarbeiding av felles mal og prosedyre. HVO har samarbeidd med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Norges Idrettshøgskule om dette ved rapporteringa for 2014.

Statsbygg sitt prosjekt knytt til universell utforming bidreg til å auke tilgjengelegheita i lokala som HVO disponerer.

Auke tal på lærlingar i statsforvaltninga

Vi har dei siste åra (sidan 2010) hatt ei lærlingstilling innan IKT-servicefag og har no den tredje lærlingen tilsett. Dette har vore ei ordning som har fungert svært godt for begge partar.

Vi lyste ut ei stilling til som lærling i kontorlag frå sommaren 2014, men fekk ikkje kvalifiserte søkarar til stillinga. Det er no bestemt at vi frå sommaren 2015 vil utvide med ei lærlingstilling til innan IKT-servicefag og har i desse dagar stillingsannonse ute for å finne kvalifiserte søkarar.

Samfunnssikkerheit og beredskap

I 2012 oppretta høgskuledirektøren ei sentral sikkerhetsgruppe som fekk i oppgåve å etablere og forankre system for systematisk arbeid med ROS-analysar, initiere dialog med naudetatane, revidere beredskapsplan, gjennomføre årlege øvingar, samt vere støttefunksjon og pådrivar for systematisk HMS-arbeid. Gruppa har jamlege møte og brukar HVO sine plandokument, tildelingsbrev, nasjonale risikovurderingar og HMS-handboka som styrande i arbeidet.

Høgskulen har og ei informasjons-sikkerhetsgruppe som har datasystem, infrastruktur og informasjonssikkerheit som ansvarsområde. Gruppa møtast jamleg og det vert arbeidd systematisk med ROS-analysar som utgangspunkt.

Høgskulen har siste par åra styrka satsinga på systematisk HMS-arbeid. Det er tilsett ein HMS-rådgivar og utarbeidd planverk i samråd med aktuelle brukarar. Opplæring, førebygging og øvingar er vert planlagt, gjennomført og evaluert i tett dialog med tilsette som har roller, ansvar og oppgåver. Samarbeid med eksterne etatar har kome godt i gang og vert evaluert fortløpande.

Varslingsøving vart gjennomført våren 2014 og kriseøving for leiinga vart gjennomført i november 2014 i samarbeid med naudetatane. Erfaringane frå desse øvingane er innarbeidd i planverket.

Fellesføring 2014: Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga

Kostnadsstrukturen vår er prega av at vi har ei relativt lav basisløyving. Dette har gjort at vi må tenke effektivitet og lønnsemd på alle nivå i organisasjonen. Samanliknar vi oss med andre høgskular i sektoren, ser vi at vi driv kostnadseffektivt både innan undervisning og forskning. Vi ser likevel at der kan vere ein del å hente på fleire område når det gjeld interne tidstjuvar.

I samband med generasjonsskiftet knytt til fleire av dei administrativt tilsette, har vi hatt stor merksemd på gjennomgang, effektivisering og skriftleggjing av rutinar og prosessar internt i avdelingane. No er fokus i større grad knytt til område som dekkjer samhandling mellom organisasjonseiningane og større grad av involvering av alle tilsette.

Områda med det største potensialet for effektivisering vil truleg vere:

- Gjennomgang av prosessar som krev involvering av tilsette frå ulike delar av organisasjonen
- Ta i bruk fleire funksjonar i dei administrative systema våre
- Avklaring av roller og ansvar

Dette har medført at vi har starta opp igjen med fleire regelmessige møte mellom avdelingar og felleskontor på ulike nivå. Vi er og i gang med å etablere fleire delprosjektgrupper som vil sjå på rutinar og prosessar som går på tvers i organisasjonen. I tillegg vil interne tidstjuvar vere tema på ein studietur for alle administrativt tilsette ved HVO hausten 2015.

Av tidstjuvar vi allereie har avdekt og gjennomført tiltak for å eliminere kan vi nemne følgende:

- Vi har tatt i bruk fleire modular i SAP (refusjon kostnader, tidregistrering, fråværsregistrering og sjukefråværsoppfølging)
- Tilbod om internopplæring i Office-program (Excel, Word, PowerPoint, Outlook)
- Tatt i bruk Lync til møte

Del V. Vurdering av framtidsutsikter

Generelt

Framtidsutsiktene for Høgskulen i Volda er lovande. Talet på studentar har auka, og det har no stabilisert seg på eit høgt nivå. FoU-verksemda har vore over gjennomsnittet for høgskulegruppa dei siste fem åra. Etter eit par år med nedgang, har produksjonen igjen auka, og vi forventar at han vil halde seg på eit relativt høgt nivå framover.

HVO har mange fleksible studietilbod med svært god søkning. Fleire av dei er nettstudium. I åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Vår ambisjon er å vere blant dei aller beste på fleksible nettstøtta studietilbod. Det stiller nye krav til pedagogisk kompetanse, infrastruktur og støttefunksjonar gjennom satsing på ulike former for e-læring.

Stadig fleire av dei fagtilsette har nått førstekompetanse. Utsiktene er gode for framleis auke i kompetansenivået. Fagleg sett vil vi stå godt rusta til å drifte femårig lærarmaster frå 2017. I den pågåande strukturprosessen har HVO framheva behovet for ein sterk regional høgskule, og vi ser fram til å finne gode løysingar i dialog med departementet.

I tillegg til den viktige regionale rolla, prioriterer HVO følgjande satsingsområde der vi vil halde oppe og vidareutvikle ei nasjonal og til dels (for dei to første sitt vedkomande) internasjonal rolle:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Flexibel vidareutdanning

Utfordringar

Ei av dei største utfordringane er å få fleire søkjarar per studieplass. Det kan ikkje HVO handtere åleine. Ein del av forklaringa er nemleg svak søking til lærarutdanningane på nasjonalt nivå. Fagporteføljen til Høgskulen i Volda baserer seg i stor grad på profesjonsutdanningar som er sentrale i velferdsstaten. Skal vi få ein monaleg auke i søkjarar pr. studieplass til desse utdanningane, må ungdom oppleve dei aktuelle yrka som meir attraktive enn i dag. Dette er ei nasjonal oppgåve som vi berre i noko grad kan bidra til. Vi forventar at sentrale styresmakter syter for rammer som gjer at fleire unge vil velje læreryrket og tilsvarande utdanningar.

Ei anna utfordring er infrastrukturen. Ein god del av lokala våre er utdaterte. Vi manglar moderne rom for mykje av den samlingsbaserte vidareutdanninga og ikkje minst spesialtilpassa lokalitetar for satsingsområdet media/kultur/formidling. Som eit tiltak for å betre infrastrukturen har vi hausten 2014 sett i gang eit campusutviklingsprosjekt i samarbeid med Statsbygg. Her ser vi på utviklinga av heile campusområdet både på kortare og lengre sikt.

For dei praktiske og estetiske faga har framtida vorte mindre sikker. Faga har tapt terreng i lærarutdanningane – både i BLU og GLU. Reformene har ført med seg smalare lærarutdanningar. Vi er redde for at det kan verte vanskeleg å få plass for dei mindre skulefaga i den nye lærarmasteren. Faglærarutdanninga vår er også inne i ein kritisk fase på grunn av dei nye karakterkrava som kjem til neste år.

Prioriterte tiltak for å støtte opp om dei strategiske satsingsområda

- Fullføre campusutviklingsprosjektet og planlegge eit nytt bygg for moderne formidling
- Utvikle ny femårig lærarutdanning med høg kvalitet
- Vidareutvikle Forskingssenter for skriftkultur som ein integrert del av Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur
- Styrkje teknisk infrastruktur og heve fagleg-pedagogisk kompetanse for vidare satsing på digitalisering og fleksible studietilbod

- Auke talet på digitale eksamensavviklingar
- Utarbeide og implementere ein rekrutterings- og kompetansehevingsplan

Prioriterte tiltak utafør ramma er fleire stipendiatstillingar og studieplassar til yrkesfaglærer-utdanning i samarbeid med Høgskolen i Ålesund.

Utdanning

Det er ikkje eit generelt mål å auke talet studentar på campus særleg meir. Men for å tilfredsstille behovet for lærarar i regionen og for å få ei meir berekraftig drift, er det ei prioritert oppgåve å auke opptaket på grunnskulelærerutdanningane; særleg på 1 - 7. Vi treng også å auke studenttalet på nokre av master-utdanningane.

Samstundes er det eit prioritert mål å auke søkinga til mange av studia. Vi ønskjer større konkurranse om studieplassane for å sikre oss godt kvalifiserte og sterkt motiverte studentar. Det medfører betre gjennomstrøyming, meir inspirerande læringsmiljø og betre omdøme.

HVO er best i landet på gjennomføring i bachelorutdanningane og grunnskulelærerutdanningane. I masterprogramma ligg fullføringa no over gjennomsnittet av høgskulane. Vi kan likevel bli betre og vil undersøkje nærare kvifor studentane fell frå og deretter vurdere aktuelle tiltak.

Vi er budde på at grunnskulelærerutdanninga vert femårig master frå 2017. Høgskulen har i dag ein master i undervisning og læring med førebels tre spor. Med utgangspunkt i nokre felles emne kan studentane velje spesialisering i spesialpedagogikk, norsk eller matematikk. Det er i tråd med nasjonale retningslinjer lagt opp til at GLU-studentane kan gå over på denne masteren etter tredje studieåret. Slik har HVO gjort seg nyttige erfaringar og alt etablert eit tilbod som vil vere godt utgangspunkt for ny lærarutdanning på masternivå. Målretta satsing på forskning og kompetanse-heving over tid gjer at vi har godt kvalifiserte fagpersonar. Tilhøva ligg såleis til rette for å løfte grunnskulelærerutdanningane ved HVO opp til masternivå.

Doktorgraden i samarbeid med Høgskolen i Molde skal kome i drift frå hausten 2015 og kompletterer studietilbodet. Fagleg sett er Ph.d.-utdanninga knytt nærast til Avdeling for samfunnsfag og historie, men vi presiserer at ho er eit ansvar og eit tilbod for heile høgskulen.

Forskings -og utviklingsarbeid

Høgskulen sine forskingsområde ligg innanfor humaniora og samfunnsfag i vid tyding. På nokre område er det stort potensial for eksterne prosjekt gjennom NFR og EU-program eller oppdrag for regionalt næringsliv. I andre fag er det få slike midlar å hente. HVO må bli betre på å utnytte høvet der det finst relevante utlysingar og moglege samarbeidspartnarar. Samstundes må vi i stor grad basere oss på at mesteparten av FoU-aktiviteten er finansiert gjennom stillingsressursen. Difor er det ei prioritert oppgåve å sikre betre utnyttinga av han.

HVO som regional utviklingsaktør

HVO har ei brei kontaktflate med i første rekke aktørar innanfor det regionale arbeidslivet, men vi samarbeider også aktivt med nasjonale aktørar som er mottakarar av kandidatane våre. Vi har jamleg møte med sentrale aktørar regionalt og nasjonalt om utdanning og forskning. I desse dialogane får vi innspel til forbetring av grunnutdanningane, og vi legg grunnlag for utvikling av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod. Den eksterne verksemda har auka dei seinare åra, men vi har framleis potensial for vekst, spesielt innafor offentleg verksemd. Vi ser også mulighetene i det private næringslivet og har teke fleire initiativ der. Vi set av midlar i budsjettet for 2015 for å stimulere kontakta med eksterne aktørar.

Den regionale rolla åt høgskulen kan ikkje overvurderast, og vi er opptekne av at moglege struktur- endringar må styrke, og ikkje svekke, oss som ein aktiv utviklingsaktør på Nord-Vestlandet.

Fleksible utdanningstilbod

Som nemnt innleiingsvis i kapitlet har HVO mange fleksible studietilbod som er etterspurde. Livslang læring er viktig for å leggje til rette for omstilling og fornying for den einskilde og for samfunns- og arbeidslivet. Vi prioriterer å vere aktive med slike tilbod på alle område der vi har grunnutdanningar: skule, barnehage, helse- og sosial. Den største satsinga på etter- og vidare-utdanning vil vere innafor offentleg sektor. Men vi har også ambisjonar om å utvikle tilbod for næringslivet om leiing, religion, kulturforståing, språk, krisehandtering og media.

Høgskulen har pr. i dag stor kapasitet på fleksibel vidareutdanning, og vi kan utvide han monaleg. Vi ser føre oss ein auke i slike tilbod framover, og vi ser med forventning på at det vert lagt opp til stipend- og støtteordningar som kan gjere kompetansehevinga endå meir attraktiv ikkje minst for lærarstanden.

Kompetanseutvikling

HVO er inne i eit generasjonsskifte. Om nokre år vil mange av dei tilsette med toppkompetanse gå av med pensjon. For å halde på dei solide fagmiljøa, og styrke dei som ikkje er så solide, må vi auke innsatsen for å rekruttere nye, høgt kvalifiserte fagfolk og samstundes leggje til rette for vidare kompetanseheving av eigne tilsette. I budsjettet for 2015 ligg det inne auka satsing på kompetanse- utvikling og forskning.

Utdanningskapasitet

Vi kan auke studieplassane frå hausten 2015 med 185 studieplassar innan dagens infrastruktur med finansiering 60/40 frå departementet. Dette er ei blanding av heil- og deltidstudie. I tillegg kjem auken i nett- og nettbaserte vidareutdanningar for lærarar.

I gruppa helse- og sosialfag har vi auka opptaket på barnevernspedagog og sosionom vesentleg dei siste åra gjennom intern omprioritering. Dette er gjort for å møte kompetansebehovet i regionen. Rekrutteringa har vore relativt god, men vi har likevel sett inn ekstra tiltak for å auke søknaden til desse viktige utdanningane. Vi kan auke med 20 plassar her.

I gruppa lærarutdanning kan vi auke totalt med 65 plassar, delt på faglærar i praktiske og estetiske fag (10), GLU 1-7 (30), GLU 5-10 (10) og PPU (15).

Vi tilbyr og nett- og nettbaserte vidareutdanningar for lærarar i norsk, matematikk, engelsk, RLE, skuleretta samfunnsfag, naturfag og historie. Vi har per i dag om lag 900 studentar på desse studia. Tidlegare har vi også hatt vidareutdanning i kunst og handverk. På denne type vidareutdanningar vil vi kunne auke kapasiteten med 400 plassar.

Mastertilboda har god søkning og det er eit stort behov for denne kompetansen i arbeidslivet. Vi har lagt til rette for at studentane kan ta utdanninga på deltid og på denne måten når vi grupper av studentar som er etablerte og som elles ikkje vil ha høve til å ta vidare utdanning. Her vil vi kunne auke kapasiteten med 60 studieplassar.

Animasjon kan auke med minst 10 studieplassar. Utdanninga har utvikla eit tilbod i Industrianimasjon, som har vist seg nyttig for regional industri, og vi har kapasitet til å auke opptak av studentar og vidareutvikle tilbodet.

Når det gjeld PR, kommunikasjon og media kan vi auke med 10 studieplassar. Studiet har god og aukande søking og har fleire emne som er ettertrakta blant studentar frå andre studieprogram, til dømes design- og fotoemne. Emnet vert tilbode på engelsk.

Naturguide er eit nytt studium som gir grunnlag for å søke sertifisering som Norsk Naturguide gjennom Norsk Naturguideforbund (NNG). Reiselivet i Noreg har eit mål om å verte leiande på «Tematurisme», der turar i norsk natur er eit viktig tema. Næringa gir og sterke signal om at ei kvalitetssikring av guidetenester i norsk natur er naudsynt både av tryggleiksgrunnar og for å tilby betre kvalitet på opplevingar i norsk natur. Her kan vi auke med 20 studieplassar.

Større investeringsprosjekt

Ventilasjon i Kaarstad-huset har vore meldt inn som satsingsforslag dei siste åra. Kaarstad-huset vart bygd i 1922 og er pussa opp innvendig i mange omgangar opp gjennom åra. I huset er det mange undervisningsrom, spesialrom og grupperom. Dei fleste romma har ikkje ventilasjon, og ettersom det har vorte stadig meir fokus på læringsmiljø og inneklima, er dette eit stort problem.

Statsbygg har no prosjektert ventilasjon av huset og fått inn tilbod på arbeidet. Dette er planlagt utført hausten 2015. Statsbygg krev at HVO dekkjer 6,5 mill kroner i form av auka husleige. HVO meiner dette er noko Statsbygg burde ta kostnaden på for å få bygget opp på akseptabel standard, men vi vinn ikkje fram med vårt argument. Det er laga ein avtale om finansieringa. Dette var nødvendig for at prosjektet ikkje skal verte forseinka. Husleigeauken på 700.000 kroner per år bør leggast inn i vår strategiske løyving.

Tabellar til sektormåla i 2015

Sektormål 1 - Høg kvalitet i utdanning og forskning

Tabell til sektormål 1	Resultat					Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Talet på primærskolar i samordna opptak	1187	1349	1496	1196	1247	1300
Talet på primærskolar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,4	1,3	1,5
Opptak til GLU	80	84	84	84	90	100
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)	0	2	2	2	3	3
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	168	182	244	216	161	200
Uteksaminerte barnehagelærarar				73	37	59
Uteksaminerte grunnskulelærarar 1-7				2	20	43
Uteksaminerte grunnskulelærarar 5-10				2	33	29
Uteksaminerte PPU-kandidatar	44	69	62	84	81	60
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	86,2	83,0	86,4	85,7	86,4	87,0
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,39	0,57	0,48	0,36	0,50	0,50
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1.000 kr)	33	19	19	20	17	35
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1.000 kr)	0	0	0	5	5	4
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar teke opp seks år tidlegare					45 %	75 %

Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Tabell til sektormål 2	Resultat					Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	11 072	9 210	7 231	9 464	12 413	11 000
Mottekne forretningsidear	12	1	2	3	0	4
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap	5	1	3	3	0	2

Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

Tabell til sektormål 3	Resultat					Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal fleksible studietilbod					70	70
Tal eksternt finansierte studentar	250	184	262	245	188	250
Tal studentar fjernundervisning				1082	1016	1200

Sektormål 4 – Effektiv, mangfoldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Tabell til sektormål 4	Resultat					Ambisj. nivå
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	136	124	122	125	133	134
Driftskostnader per publikasjonspoeng (1.000 kr)	3 583	2 573	3 317	4 458	3 351	3 200
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,6	2,5	2,3	2,4	2,2	2,3
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	37 %	42%	45%	46 %	47 %	55 %
Del kvinner med førstekompetanse	27,6 %	31,3 %	32,4 %	36,0 %	36,6 %	45,0 %
Del mellombels tilsette	26,8 %	24,3 %	19,8 %	21,6 %	19,2 %	16,0 %
Tal kvinner i toppstillingar			2,0	1,7	1,5	3,0
Gjennomsnittleg sjukefråvær	5,2 %	5,1 %	4,3 %	5,3 %	3,5 %	3,5 %

Del VI. Årsrekneskap

Leiingskommentarar årsrekneskapen 2014

Formål

Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning, nynorsk i utdanning, forskning og formidling samt fleksible vidareutdanningstilbod. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Stadfesting knytt til rekneskapsstandard

Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden (SRS) og presentert i samsvar med rekneskapsmalen for universitet og høgskular.

Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Resultat av ordinære aktivitetar for 2014 viser eit overskot på 11,2 mill. kroner mot eit budsjettert overskot på 9,0 mill. kroner. Inntektene er som budsjettert på totalnivå, medan driftskostnadane ligg 2,0 mill. kroner (0,6%) under budsjett. Totalt sett er det dermed ikkje vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap for 2014.

Når det gjeld inntekter har vi i 2014 hatt høgre inntekter knytt til bidragsprosjekt enn budsjettert (+2,9 mill. NOK) då i hovudsak knytt til etter- og vidareutdanning lærarar. Samstundes har vi hatt tilsvarende lågare sals- og leigeinntekter (-2,6 mill. kroner) enn budsjettert på oppdragsprosjekt og eksternt finansierte studietilbod.

Vi har eit underforbruk på lønn og sosiale kostnader på 2,3 mill. kroner som delvis har sin motpost i eit overforbruk på andre kostnader på 1,5 mill. kroner. Avskrivningane er 1,2 mill. kroner lågare enn budsjettert.

Vesentlege endringar i resultat- og balansepostar i høve tidlegare års rekneskap

Resultat av ordinære aktivitetar for 2014 viser eit overskot på 11,2 mill. kroner mot eit overskot på 17,8 mill. kroner i fjor. Driftsinntektene viser ein auke på 16,8 mill. kroner (5,2 %), medan driftskostnadene har auka med 23,4 mill. kroner (7,7%).

Inntektsauken fordeler seg med 15,9 mill. kroner frå løyvingar, medan tilskot og overføringar frå andre viser ein auke på 3,4 mill. kroner. Auken i tilskot og overføringar frå andre er i stor grad knytt til bidragsprosjekt innan Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Sal- og leigeinntekter viser ein reduksjon på 2,5 mill. kroner. Reduksjonen her er i hovudsak knytt til tre eksternt finansierte studietilbod som vart avslutta i 2013 og færre oppdragsprosjekt.

Auken i driftskostnader er i hovudsak på posten lønn- og sosiale kostnader (+19 mill. kroner, 9,4%) og skuldast auke i tal på tilsette samt lønnsauke. Endringa her er som planlagt, sjølv om vi fortsatt ligg noko etter tidsplan med tilsettingane. Det har vore ein stor reduksjon i sjukefråværet i 2014 samanlikna med fjoråret, frå 5,3% til 3,5%.

Andre driftskostnader har ein auke på 4,8 mill. kroner (5,0%). Her vil vi trekke fram auken i eksterne praksiskostnadar i 2014 (2,0 mill. kroner) grunna auka aktivitet innan barnehagelærar- og grunnskulelærarutdanningane. Totalt i 2014 utgjer eksterne praksiskostnader knytt til lærarutdanningane om lag 10 mill. kroner for HVO. Vi ser og at satsinga på bruk av digitale plattformer i undervisninga krev auka ressursar både i form av tilsette med spesialkompetanse på området og teknisk utstyr.

Utvikling i avsett del av tilskot til løyingsfinansiert verksemd

HVO hadde ved utgangen av 2013 avsette midlar på løyingsfinansiert verksemd på 28,0 mill. kroner. Ved utgangen av 2014 er denne posten balanseført med 39,2 mill. kroner noko som utgjør 11,5 % av budsjetterte inntekter for 2014.

Auken i avsetning er relatert til avsette midlar på avdelingane inklusive midlar til utviklingsarbeid og stipendiatstillingar. Avsetning til stipendiatstillingar viser ein auke på 2,5 mill. kroner sidan førre årsskifte (frå -1,5 mill. kroner til +1,0 mill. kroner). Denne avsetninga har vore negativ frå 2010 til 2014.

Investeringar i perioden og planar framover

Vi hadde i 2014 eit investeringsbudsjett på 13,0 mill. kroner, der 3,1 mill. kroner var etterslep frå tidlegare års rammer. Vi har gjennom 2014 investert i anleggsmidlar for 10,3 mill. kroner og overfører dermed 2,6 mill. kroner av investeringsmidlane til neste år.

Drift, trendar og utvikling

HVO hadde ein relativt stor vekst i studiepoengproduksjonen i åra 2009 til 2012. Dette har gitt god vekst i løyvinga i dei siste åra og spesielt i åra 2013 og 2014. Vi er no over i ei fase der vi ventar relativt stabile tall framover utan vidare vekst i løyvingane, men at vi held oss på nivå med 2015.

Vi har arbeidd med tiltak for å auke eksterne inntekter og vil no gjere om på vår interne organisering knytt til deler av dette arbeidet. Siste åra har inntekter utanom løyving utgjort i underkant av 9% av totale inntekter. Dette ynskjer vi å auke.

Lønn og sosiale kostnader i % av driftsinntekter utgjør i 2014 65,0% mot 62,5% i 2013 og 66,4% i 2012. Andre driftskostnader ligg på 29,0% av inntektene noko som er på nivå med tala for 2013.


I 2015 er det planlagt renovering av Kaarstad-bygget i regi av Statsbygg og vi held no på med førebuingar til dette. I og med at vi har hatt stor auke i aktiviteten siste åra utan auke i lokalar, så opplever vi både mangel på kontor, møterom og undervisningsrom som eit problem i kvardagen. Når vi no i ei ombyggingsperiode også må redusere arealet, så vil dette krevje ekstra ressursar i samband med planlegging av haustsemesteret 2015 då renoveringa skal skje.

Det vert no arbeidd med planar for igangsetting av Ph.D-studium i samarbeid med Høgskolen i Molde med tidlegaste start hausten 2015. I tillegg til bruk av eigne midlar til dette er det føresetnadar om at deler av dette skal finansierast eksternt.


Volda, 12.03.2015, Høgskulen i Volda



Per Halse (styreleiar)



Marte Bogen Sinderud



Tormod Daae Smedsvig



Terje Heggem



Marie Nedregotten Sørbø



Marit Vartdal Engeseth



Arvid Blindheim




Ann-Marit Sæbønes



Pål Hamre



Pernille Solvang



Sølvi Lillebø Remøy

Prinsippnote virksomhetsregnskap

Generelle regnskapsprinsipper

Regnskapet er satt opp i samsvar med de anbefalte Statlige Regnskapsstandardene (SRS) og de tilhørende veiledningsnotater som er utarbeidet av Finansdepartementet og Direktoratet for økonomistyring med Kunnskapsdepartementets tilpasninger for universitets- og høyskolesektoren.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter

